

Oppfølging etter dialogmøtet Samhandlingsperspektivet

| Saksnr | Utvalsnamn | Møtedato |
|---------|-----------------------------------|-------------|
| 04/2017 | Styringsgruppa utviklingsplan HMR | 2. mai 2017 |

Forslag til vedtak

1. Styringsgruppa prioriterer følgjande utviklingsområder i *samhandlingsperspektivet*
 - Barn og unge
 - Nok helsepersonell med rett kompetanse
 - Styrking av akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus
 - Prioritere psykisk helsevern og rusbehandling
 - Teknologi og innovasjon
2. Styringsgruppa sluttar seg til arbeidsmetode og tidsplan for dei prioriterte utviklingsområda
3. Styringsgruppa sluttar seg til tilråding for samansetning av arbeidsgruppene for dei prioriterte utviklingsområda
4. For utviklingsområdet Teknologi og innovasjon vert det etablert ei arbeidsgruppe med 4 representantar frå helseføretaket, 4 representantar frå kommunane, ein brukarrepresentant og tillitsvalt.

Vedlegg 1 – Oppsummering frå dialogmøtet 070417

Vedlegg 2 – Tilråding arbeidsgruppe – Barn og unge

Vedlegg 3 - Tilråding arbeidsgruppe – Nok helsepersonell med rett kompetanse

Vedlegg 4 – Tilråding arbeidsgruppe – Styrking av akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus

Vedlegg 5 – Tilråding arbeidsgruppe – Prioritere psykisk helsevern og rusbehandling

Styringsgruppa Utviklingsplan HMR HF

Saksframlegg

1 Bakgrunn

Utviklingsplanarbeidet i Helse Møre og Romsdal har tre perspektiv: føretaksperspektivet, klinikkperspektivet og samhandlingsperspektivet. I det følgjande vil ein kome med forslag til korleis ein skal organisere arbeidet i samhandlingsperspektivet.

Leiargruppa i Helse Møre og Romsdal har gjort vedtak om at arbeidet med utviklingsplanen skal gå i linjeorganisasjonen. Ansvar for utviklingsplanen er i hovudsak lagt til fagdirektør. Det er nemnt opp ei styringsgruppe sett saman av leiargruppa, tillitsvalde, verneteneste og brukarar, og som har ansvar for prioritering og vedtak i arbeidet. Vidare er det også oppnemnt ei koordineringsgruppe, sett saman av fagfolk frå kvar klinikk, SNR og rådgjevarar frå fagavdelinga. Koordineringsgruppa skal sikre framdrifta i arbeidet og gjere føretaket i stand til å svare ut mandatet for lokal utviklingsplan.

Til grunn for alt arbeid med utviklingsplan ligg særskilt Nasjonal helse- og sykehusplan, Strategi 2030, Rettleiar for arbeidet med utviklingsplanar og Mandat for lokal utviklingsplan for Helse Møre og Romsdal. Når det gjeld spesifikke fagområde, må ein også basere arbeidet på gjeldande føringar og retningslinjer for det aktuelle området. I tillegg vil det for utvalde område verte utarbeida regionale temanotat som kan nyttast som støtte og rammeverk i lokalt arbeid.

1.1 Samhandlingsperspektivet

For å sikre heilskapleg tenking og gjensidige planprosessar kalla direktøren inn til eit ekstraordinært dialogmøte 7. april 2017.

For å understøtte mål om framtidsretta pasientbehandling og god bruk av ressursar, var formålet med dialogmøtet å prioritere utviklingsområder helseføretaket og kommunane i fellesskap skal satse på.

Dette var det første av totalt tre dialogmøter i lys av utviklingsplanarbeidet og det var god oppslutning om møtet. Ordførarar, rådmenn, fagsjefar/ansvarlige og fastlegar frå kommunane samt direktørar, klinikkjefar og fagsjefar i helseføretaket møtte. Det var også deltaking frå brukarutvalet i Møre og Romsdal, KS, Fylkesmannen, tillitsvalte og verneteneste.

Dialogmøte mellom kommunane og helseføretaket i Møre og Romsdal er nedfelt i samhandlingsavtalens delavtale 12.

«Dialogmøte er et forum der representanter for politisk og administrativ ledelse i helseføretaket og kommunene møtes for informasjonsutveksling og drøfting av prinsipielle saker» (Samhandlingsavtalen, 2015:delavtale 12).

I drøftinga samla deltakarane seg om følgjande spørsmål;

- Kva vil vere dei 3-4 viktigaste utviklingsområda som bør prioriterast for planperioden?

Styringsgruppa Utviklingsplan HMR HF

Oppsummering av diskusjonen viser til denne samanstillinga;

- Barn og unge
- Nok helsepersonell med rett kompetanse
- Styrking av akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus
- Prioritere psykisk helsevern og rusbehandling
- Teknologi og innovasjon

Andre innspel var tenestedesign og utfordringsbiletet knytt til den eldre pasient. Det er behov for å rette merksemd mot folkehelse og førebygging. Gode arenaer for dialog og samhandling vist til som sentrale drivarar for å utvikle helsetenester som er heilskaplege og likeverdige.

1.2 Arbeid vidare; tidslinje og metode

For samhandlingsperspektivet er det sett opp tre dialogmøte for å forankre på overordna administrativt og politisk nivå.

Dialogmøter:

7. april – Føremål: Prioritere og forankre utviklingsområde

20. juni – Føremål: Presentasjon av arbeid, viktige avklaringar

30. oktober – Føremål: Presentasjon av samla utviklingsplan

Arbeidsgrupper:

Sjølve utviklingsplanarbeidet vert lagt til arbeidsgrupper for dei prioriterte utviklingsområda. Det vert tilrådd at eksisterande arbeidsgrupper/utval for dei prioriterte områda får mandat til å utarbeide grunnlag for avgjersle. For å sikre representativitet i gruppene/utvala, vert forslag til grupper og tilråding for justeringar retta mot styringsgruppa, regionråd, brukarutval og det vert lagt til rette for tillitsvalte. Det vert tilrådd at arbeidsgruppene har 4 representantar frå helseføretaket, 4 representantar frå kommunane, ein brukarrepresentant med vara, tillitsvalt og praksiskonsulent.

Kvart utviklingsområde bør utgreiast etter modell frå rettleiaren for utviklingsplanar. I kort tyder det at ein seier noko om:

- no-situasjonen (status)
- utviklingstrekk og framskrivning
- analyse og vegval
- målbilete, tiltak og organisering for ei helseteneste for pasienten

Arbeidet skal tuftast på gjeldande nasjonale, regionale og lokale føringar.

Skisse til møteplan og innhald presenterast i det følgjande. *Ein presiserer at dette er eit forslag, og at arbeidsgruppene kan stå fritt i organiseringa så lenge ein dekkjer dei tema som vert forventet gjennom rettleiaren.* Arbeidsgruppene må også fortløpande kunne vurdere interessentar og evt tilrå. naudsynte endringar i gruppesamansetjing.

Arbeidsgruppa rapporterer til koordineringsgruppa. Koordineringsgruppa har eit særskilt ansvar for å halde saman arbeida i dei ulike perspektiva i utviklingsplanarbeidet.

Styringsgruppa Utviklingsplan HMR HF

Ressurssetjinga frå koordineringsgruppa i dei ulike arbeida vil vere ein funksjon av omfanget av valde innsatsområde. Koordineringsgruppa vil i alle høve hjelpe til i oppstarten av arbeida, og med mal for rapport etc.

| TID | AKTIVITET | INNHALD | ANSVAR |
|--------------------------|-----------------------------|---|---|
| Mai | Møte 1 | <ul style="list-style-type: none">• Konstituering• Velje leiar og sekretær• Møteplan• Intro utviklingsplan• No-situasjon for området• Gjeldande føringar | Arbeidsgruppa og koordineringsgruppa |
| Juni | Møte 2 | <ul style="list-style-type: none">• Utviklingstrekk og framskriving• Analyse og vegval | Arbeidsgruppa, med støtte frå koordineringsgruppa |
| 20. juni | Dialogmøte 2 | <ul style="list-style-type: none">• Orienterer om arbeidet• Viktige avklaringar | Arbeidsgruppene med støtte frå koordineringsgruppa |
| Juni/august | Møte 3 | <ul style="list-style-type: none">• Analyse og vegval, vidare• Målbilete, tiltak, organisering for ei helseteneste for pasienten | Arbeidsgruppa, med støtte frå koordineringsgruppa |
| 22. august | Leiargruppe, styringsgruppe | <ul style="list-style-type: none">• Presentere arbeidet, innspel | Arbeidsgruppene, med støtte frå koordineringsgruppa |
| September | Møte 4 | <ul style="list-style-type: none">• Tilrå løysing basert på presentasjon av arbeidet og innspel | Arbeidsgruppa, med støtte frå koordineringsgruppa |
| 30. september | Leveranse | <ul style="list-style-type: none">• Ferdig rapport | Arbeidsgruppa, med støtte frå koordineringsgruppa |
| 30. oktober | Dialogmøte 3 | <ul style="list-style-type: none">• Presentasjon samla utviklingsplan• Vidare arbeidsprosess | Koordineringsgruppa |
| November-Desember | Formell høyring | <ul style="list-style-type: none">• Formell høyring | Koordineringsgruppa |

Orientering i ulike fora:

Ein vil fortløpande orientere om utviklingsplanarbeidet i møte i Overordna samhandlingsutval, lokale samhandlingsutval og regionråd.

Brukarutvalet vil haldast orientert.